

US 111/09 UiS Pluss - orientering om etter- og videreutdanning

(ePhortesak 2009/3386)

Saka gjeld:

Styret får i denne saka ei orientering om oppfølging av sak 105/07 som hadde fylgjande problemstillingar:

- Oppfylle statsoppdraget (Universitets- og høgskulelova seier at institusjonen skal tilby EVU innanfor sitt virkeområde.)
- Auka forelesarane sitt engasjement for å ta del i EVU-aktivitetane ved UiS
- Få opp aktivitet og inntening og driva EVU-verksemd på eit meir profesjonelt og kommersielt vis.
- Ha eit mål om å utvikla ei EVU-eining med nasjonal og internasjonal profil og å konkurrera med dei beste leverandørane.

Fylgjande vart vedteke:

Etter- og vidareutdanningsaktivitetane ved UiS organiserast i ei eiga eining med intraprenørar som skal tena institutta/sentra. Den sentrale eininga leiast av ein dekan med faglege kvalifikasjonar.

Oppfølging:

UiS har tilsett ny leiari for EVU-eininga. UiS Pluss er organisert med 9,5 administrativt tilsette. Tre av desse er intraprenør for kvart sitt fakultet.

- For å **auka engasjementet blant dei fagleg tilsette** ved alle fakulteta, er det innført ei ny ordning der dei faglege får utbetalt løn som honorar i staden for løn basert på timar. Dette gjer at ekstraarbeidet vert avlønna i tråd med kva den eksterne marknaden er viljug til å betala, og meiner vi dermed vil få fleire interesserte i å arbeida gjennom universitetet sine kanalar.
- Det var tidlegare ein relativt høg EVU-aktivitet mot Det humanistiske fakultet (HF) (om lag 30 kurs) og Det samfunnsvitskaplege fakultet (SV) (om lag 20 kurs), men lite EVU-aktivitet mot Det teknisk-naturvitskaplege fakultet (TN) (om lag 5 kurs).
- **HF:** På den andre sida er det tradisjonelt mange av kursa mot HF som vert avlyst grunna få deltakarar. Dette gjer vi noko med no ved å prøva fokusera på områder som er mest etterspurt, eller der vi har "garantiar" for at t.d. lærarar melder seg på. Vi har også ei større satsing mot skule/barnehage og næringsliv innan språk, - både framandspråk (fransk, spansk og tysk) og norsk. UiS Pluss har ein tett kontakt med fylke og dialoggrupper (kommuner).
- **SV:** Pga omorganisering og utfordringar knytt til GI konkurransen, har det gått litt tregare enn ynskt med kursverksemda ved SV fakultet. Dette er i ferd med å snu seg, og det er no høg aktivitet innan "ledelsesfag", etterutdanning for kiropraktorar (i samarbeid med Norsk Kiropraktorforening og den danske kiropraktorutdanninga i Odense) og mat-satsing (i samarbeid med Måltidets Hus).
- **TN:** Aktiviteten har byrja ta seg opp ved TN når det gjeld EVU arbeid i regi av UiS. Eit døme på dette er kurspakken innan arktisk teknologi og miljøteknologi for leverandørindustrien, som i seg sjølv representerer 10 kurs. Denne kom i stand på kort tid som svar på eit behov i industrien. Vi er allereie i innleiande dialog med industrien om ein tilsvarande kompetanse-pakke som går på alternativ energi for 2010/2011.
- **AM:** UiS Pluss har også byrja arbeidet med å få til EVU saman med AM. Dei representerer både dei tekniske og humanistiske fag, og fagkombinasjonar attmed forskarane på AM kan m.a. gjera eksisternade eller nye kurs meir attraktive.
- **Eksterne fagmiljø:** Vi samarbeider med eksterne fagmiljøer. Dette gjeld både forskningsinstitusjonar (t.d. IRIS), andre universitet (t.d. UiA, Ålborg Universitet), det offentlege og næringsliv.
- **UiS Pluss** arbeider med å laga **felles rutinar og prosedyrar for prosjektarbeidet**. Dette har tidlegare vore gjort ulikt mot dei forskjellige fakulteta og/eller institutta. I tillegg arbeider vi tett med økonomiavdelinga for ei forenkling av skjema og kontraktar. UiS Pluss har i haust intern opplæring i marknadsføring for at vi skal gjera ein meir profesjonell jobb på dette.

Målet for inntening i 2009 er at 50% av løn til UiS Pluss skal dekkast av ekstern finansiert verksemd. Rekneskapet pr. august viser at vi ligg godt an til å kunne klara denne målsettinga i år. Neste år er målet at vi skal tena inn 75% av løn, for so endeleg i 2011 å ha 100% inntening.

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til orientering.

Stavanger, 13.10.2009

Per Ramvi
universitetsdirektør

Marit Karlsen Brandal
EVU-direktør